

**Protokoll frå årsmøte i Spelemannslaget De frilynde i øvingslokalet på Heer skole i Drøbak onsdag den 31. januar 2007 kl. 19.00.**

Leiaren opna møtet ..

Sak 1: Innkalling og sakliste blei godkjent og møtet sett. Sakliste iflg. vedtektene - utan innmelde tilleggssaker.

Sak 2: Lene Meum blei valt til møteleiar og Nils Seland blei valt til referent.

Sak 3: Årsmelding. Leiaren gjekk gjennom den utdelte årsmeldinga. Årsmeldinga blei godkjent.

Sak 4: Rekneskap. Kasseraren leverte ut kopi og gjekk gjennom postane. Samla beholdning pr. 31/12-2006 er kr. 1 159,69. Kr. 10 000 i tilskot frå Musikkverkstadordninga 2006 er ikkje komen på konto ved årsskiftet og ikkje ført i rekneskapen. Dette er lova overført i februar 2007. Speleinntekter i meldingsåret har vore kr. 27 800,- Rekneskapen godkjent.

Sak 5: Valg

Styreleiar: Lene Meum. (gjenvalg)

Styremedlem og kasserar: Oskar Fevåg (gjenvalg for 2 år)

Styremedlem og sekretær: Nils Seland (ikkje på valg)

Revisor: Helge Slyngstad (gjenvalg)

Festkomité: Blir valt etter behov.

Noteutvalg: Nils Seland, Magnar Graav og Hilde Tannum. (gjenvalg)

Ansvarleg for barne- og ungdomsopplæring: Marion Løsnes (ny)

Valgnemnd: Egil Hammermo (formann), John Nordum og Magnar Graav. (gjenvalg)

Ski den 31. januar 2007

Nils Seland  
referent

Etter at det formelle årsmøtet var avslutta, blei det drøfta ein del idéar til aktivitet i 2007. Det kan bli aktuelt å laga eit konsertprogram i samarbeid med Follo Gammeldansensemble til hausten. Programmet kan framførast på eit eller fleire av kulturhusa i Follo.

Laget tek sikte på å stilla på Landsfestivalen i Vågå. Ein tek sikte på minst tre dagsøvingar med ekstern instruktør for dei som skal vera med.

